

BOKN BYGDEBLAD

NR. 9 - OKT./NOV. 1987. ÅRG. 2

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

**BOKN FISKEMOTTAK A/S
I FULL DRIFT.**

Tirsdag den 20. oktober gjekk startskotet for Bokn fiskemottak A/S i Knarholmen industriområde. Då starta firmaet opp med produksjonen.

Bjørn E. Gundersen fortel til Bokn Bygdeblad at den fyrste veka vart det pakka 3 tonn med laks. Veka etter skulle det sløyast, kvalitetssorterast, vaskast, pakkast og isast 17 - 18 tonn laks.

Den laksen Bokn fiskemottak har pakka nå, kjem frå Loden Laks A/S.

Seinare reknar Bjørn E. Gundersen med å ta imot godt med laks og aure framover.

Etter at laksen er pakka og isa går det i trailer til eksportør i Bergen.

Fleire tilsette har vore på kurs for å læra jobben. Nå er det desse som lärer dei andre opp, og den fyrste tida går det sjølsagt litt seinare i produksjonen enn seinare når folk vert meir trenna.

Laksen veg frå 2 - 6 kg., men hovedtyngda ligg på 3 - 4 kg. Det er tre ulike kvalitetsklassar på fisk-en, nemleg Superior, Ordinær og Pro-

duksjon. Det som avgjer kvaliteten er m.a. form på fisken, farge, om det er sår o.l.

Bjørn E. Gundersen fortel at ein heilt i starten sjølsagt har vore svært nøyne med m.a. kvaliteten.

Ein er nå spent på dette med ferja - og kor vidt det kan bli lang ventetid. Fyrste gongen gjekk det i alle fall bra, og ein slapp å venta.

Det er nå tilsett 14 personar ved Bokn fiskemottak A/S, 9 kvinner og 5 menn, og Bjørn E. Gundersen seier at det er behov for fleire arbeidstakrarar.

Fine, lyse lokale er tekne i bruk. I 1.etasje er det forutan eit stort produksjonslokale m.a. kjølerom, innfrysingsrom, fryserom og ismaskinar. Det er også våtgarderobe og toalett. I eit tilbygg er det rom for emballasje og tørrlager.

I 2.etasje er det 2 kontor, kantine, garderobar, toalett, arkiv, lager og maskinrom.

Også utanfor bygningane er nå alt ferdig med planert område som er asfaltert, og endeleg er kaien ferdig.

VAL-KOMMENTAREN I SISTE BYGDEBLADET:

Orientering frå
Bokn Høgre

Etter spekulasjonar i Bokn Bygdeblad og utspelet frå Bokn Arbeiderparti til Bokn Høgre om å hjelpe Høgre til to plassar i formannskapet finn Høgre det nødvendig å innforma om sine drøftingar i denne samanheng.

På konstituerande gruppemøte i Høgre den 15.10. blei samansetningen av det nye formannskapet drøfta.

Arbeiderpartiet kunne ikkje åleine hjelpe Høgre med to i formannskapet, og på Senterpartiet sitt konstituerande gruppemøte blei det opplyst at dei ikkje ville ha noko med Høgre å gjera.

KRF hadde bede om valg teknisk samarbeid. Høgre drøfta denne situasjonen og etter ei samla vurdering kom gruppa einstemmig fram til å ta kontakt med KRF for å drøfta samansettningen av formannskapet. Møtet blei holdt den 19.10. Det blei her redegjort for dei forskjellige tilbud og krav, og etter ein positiv forhandlingsrunde blei følgjande fordeling einstemmig godkjent: Høgre får to plasser i formannskapet og KRF får første varamann.

DET NYE KOMMUNE-

STYRET:

Konstituering i midten av november

Senterpartiet og Arbeiderpartiet i Bokn er blitt samde om eit teknisk val-samarbeid som m.a. går ut på at Leif Vatnaland får 4 nye år som ordførar, og Svein Ivar Langhelle 4 år som varaordførar.

Også Høgre og Kr.f. har inngått avtale om teknisk val-samarbeid, slik at høyre får inn dei to som fekk flest røyster i formannskapet. Kr.f. vil då få 1.

I ei jubileumsbok frå 1937, då det kommunale sjølstyret var 100 år, er det oppgitt kven som sat i kommune-styra i Rogaland i 1937.

I Bokn var dette:

Julius Haaland, ordførar

Helge Alvestad

Arnt Bokneberg

Halvor Gjertsen

Sigval Loten

Conrad Sæbø

Martin Søndeland

Lauritz Trosnavåg

Jens Tnaland

Osr Våga

Stin Sønnaland

Svaramann ein ser, har det vore ei viss utvikling frå den tid til nå m.h.t. å ha begge kjønn representert. I neste periode vert det i Bokn 6 kvinner og 11 menn i Bokn kommune-styre.

Det kommunale sjølstyret er 150 år.

Det kommunale sjølstyret har 150 års jubileum i år.

PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR I BOKN

I DAG: BOKN BONDELAG

BOKN BONDELAG 40 ÅR

Bokn Bondelag vart skipa 29. sept. 1947 og er såleis 40 år. Då medlemskapen er direkte i Norges Bondelag, har det nok vore bondelagsmedlemar i Bokn også tidlegare. Norges Bondelag starta i 1896 og har no ca 66.000 medlemmar, fordelt i alle distrikt, alle produksjonar og alle bruksstorleikar. Rogaland Bondelag er det største fylkeslaget med over 6.000 medlemmar.

I motsetning til dei økonomiske organisasjonane i jordbruket, der det er bruket som er medlem, er medlemskapen i bondelaget personleg. Den er direkte/ og lokallaget er berre ei samling av Norges Bondelag sine medlemmar i kommunen.

Kontingenten vert utlikna på tre grunnlag; Ein personleg del, likt for alle, ein på areal og ein på produksjonsvolum, rekna som årsverk. Det er vorte meir og meir vanleg at begge ektefeller på ein gard er medlemmar, og av Bokn Bondelag sine no 40 medlemmar er 14 kvinner. Dette er relativt høgt samanlikna med andre lag. Ektefellene kan få kontingenten på garden delt likt mellom seg om dei ynskjer, men for alle her, og også vanleg elles står den eine med berre den personlege del.

Bokn Bondelag hadde årsmøte den 9. oktober. Me har hatt ei festleg ramme om årsmøtet i fleire år, så noko serleg anleis var det no ikkje, men me freista markera litt at me runda 40.

Frå Rogaland Bondelag møtte nestformann Bjørn Fjellheim.

Oddrun Håland og Venevil Birkelund underheldt med sang og musikk. Kjell Kro er den einaste som har vore medlem i alle 40 åra, han fekk ein blomebukett av formannen.

Styret i laget har siste året vore:

Svanhild Alvestad, Anne Marie Medhaug, Inger Sønnøve Bokneberg, Bernhard Våge, Jakob Are og Sigvart Våga. Formannen er på val kvart år, elles 2 eit år og 3 det andre. Dei som gjekk ut, Inger Sønnøve Bokneberg og Jakob Are, nekta attval. Valde vart: Leiv Våga og Edvin Øvrebø. Sigvart Våga vart attvald som formann.

Helsing

Sigvart Våga

BOKN FÅR SINE EIGEN FRISØRSALONG

"Hårfixen Studio"

Anita Grønnestad vil saman med Mona Øvrebø starta med eigen frisørsalong i Bokn.

Dei har fått leige heile 2.etasje i "gamle banken" og etter veker og dagar med iherdig oppussing er det nå blitt lyse og trivelege lokale.

- Eg reknar med å ta i mot dei fyrste kundene i midten av november, fortel Anita Grønnestad, som ventar dei siste møblene til helga.

Frisørsalongen blir ein kombinert dame/herre frisør og elles åpen for personar i alle aldrar.

Forutan stell av hår, kan ein også tilby farging av vipper/bryn, legge make-up og solarium.

Anita Grønnestad vil stå for den daglege drifta inntil Mona Øvrebø er ferdig med læretida si i Kopervik. Anita Grønnestad har 6 års praksis ved Rose Salongen i Kopervik og samstundes har ho tatt 3 års lærlingskule i frisørfaget.

Åpningstidene blir kvar dag, samt lørdag. Nærare opplysningar om åpningsdag blir opplyst med oppslag.

Telefonnr. til Hårfixen Studio blir 85 14 75.

Grunnskulen si veke

Veka frå 1. til 7. november er frå sentralt hald utpeika til grunnskulen si veke. Grunnskulen vil denne veka markera seg på ymse vis over heile landet. I Bokn vert foreldra inviterte til å vitja skulen mandag 2. november dei 3 fyrste skuletimane. Det er mein- inga at foreldra med dette skal få eit lite gløtt frå det pulserande livet i skulen sin kvardag.

Torsdag 5. november kl. 19.00 vert det foreldremøte på Bokn skule der hovedtemaet er: Pedagogisk tilbod til 6 -åringane - tidlegare skulestart. Hausten 1986 starta 12 forsøkskommunar med prosjekt som går på å gje alle 6-åringane i kommunen eit pedagogisk tilbod. Prosjektleiar Tove Freier fra Sola vil koma til Bokn og fortelja frå forsøket i sin kommune. Ho vil m.a. koma inn på samarbeidet med fyrste klasse i grunnskulen og det pedagogiske opplegget for 6-åringane. Dette vil truleg vera interessant for småbarnsforeldre i Bokn, i og med at det ligg godt til rette for eit liknande samarbeid i vår 6-årsgruppe.

Ein vil med dette invitera andre interesserte som t.d. småbarnsforeldre og politikarar til å vera med på dette foreldremøtet.

Svein Vea.

LESETIPS FOR NOVEMBER:

- * Tale, Sigrun:
Röd var min barndoms dal
- * Bratteli, Randi:
Videre alene
- * Haslund, Ebba:
Dögnfluens lengsel
- * Berger, Nomi:
Kjærlighetens vilkår
- * Skrede, Ingvar:
Sonny Boy
- * Brookner, Anita:
Familie og venner
- * Breen, Else:
Hundreårshuset

Biblioteket,



TIRSDAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

OPNINGSTIDER:

TORSdag: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

TLF. 748500

NYE bøker for barn

- * Lindgren, Astrid:
Skinn Skerpings
- * Charles, Eric:
Bertha og musa på fabrikken
- * Charles, Eric:
Bertha og leketøykonkurransen
- * Cunliffe, John:
Postmann Pat sitter barnevakt
- * Dahl, Roald:
Charlie og sjokoladefabrikken
- * Sandberg, Liv:
Mer om to hus tett i tett og vi
som bor her.
- * Widerberg, Siv:
Det var ein gong ei mamma og ein pappa

Er du sulten? Sluk en bok!



Sjukestova i kombinasjon med åpen omsorg.

ELSE NILSEN: DET FUNGERER FINT.

Heimesjukepleiesjef og styrar ved Bokn sjukestove Else Nilssen er nå glad for at ein er ferdig med "barne-sjukdomane" i det nye systemet med kombinasjon av omsorg og pleie i og utanfor institusjon.

Det var ein forutsetnad at sjukestova skal fungera som eit senter for all pleie og omsorg i kommunen, og dette ser nå gradvis ut til å fungera betre.

Dette betyr også at eldre som treng kortidsopphald ved sjukestova kan få det, og så flytta heim att dersom dei er friske nok.

Else Nilssen seier at det er viktig at sjukestova alltid skal ha høve til å ta inn folk til kortidsopphald. Det kan vera for å avpassa medisiner, regi strera funksjonsnivå og hjelpebehov, det kan vera å avlasta pårørande som treng det o.l.

Det er nå installert ein sentral for tryggleiksalarmer ved sjukestova, og 5 alarmar skal utplasserast.

AUKSJON

Vi minner om skulemusikken sin årlege auksjon, laurdag den 31. okt.

SKULERUTA

Fridagar/ferie/planl.dg.

<u>1987:</u>	august	17. - 18.
	september	
oktober	14. 15. - 16.	
november	6.	
desember	21. - 31.	
<u>1988:</u>	januar	1.
februar	22. - 26.	
mars	28. - 31.	
april	1. - 5.	
mai	12.-13., 17.-18., 23.	
juni	ferie fra mandag 20.juni.	

UTLYSING:

Midlar til styrking av førebyggjande tiltak for barn og unge.

Bokn kommune har pengar som skal gå til styrking av leiar situasjonen i lag og foreningar for barn og unge. I praksis vil dette seia at ein ønskjer å gje ei oppmuntring og ei støtte til leiarane i form av pengar for den innsatsen dei gjer når det gjeld å aktivisera barn og unge i Bokn. Dei foreiningane som har fleire leiarar må dela midlane mellom desse.

Ein minner elles om at kulturstyret kvart år delar ut midlar til drifta av foreningar og lag.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

SØKNADSFRIST 20.nov. 1987.

BKFR'S VANDREUT- STILLING 1987

Den årvisse vandreutstillinga til
Rogaland Kunstnersenter kjem til Bokn,
og blir sett opp i Kombibygget (inn-
gangspartiet) søndag 1.nov-
ember.
Utstillinga viser arbeid av 5 Stav-
angerkunstnerar:

Frank Wathne, Nordahl Eide,
Annalise Convad, Andreas Bøe
og Frank Frantzen.

Det er mest oljemaleri.
Dette er også ein sals-utstilling.
Utstillinga vil ha ope kun søndag den
1.november frå kl.15.00 - 17.00.

Nytt høvet - og legg søndagsturen til
Kombibygget!

ARR: BOKN KULTURSTYRE



Annalise Convad: Havnen, Polperro, Cornwall, 1978 olje

Mange gaver ved åpninga av Kombibygget

Det vart overrekt mange fine gaver ved åpninga av Kombibygget.

Til sjukestova ga Bokn sanitetsforening både veggur, to lampettar, golv teppe, åkle og to sydde biletar.

Det var også gitt bilde, teppe og andre ting frå private, pluss mange planter.

Utanfrå kom det inn veggpynt i messing frå Haugesund kommune, og maleri frå Karmøy, Utsira og Kvitsøy kommune. Rogaland fylkeskommune ga også eit maleri.

Av Kaia Kro sitt legat kom det ei gav på kr. 25.000,- til sjukestova.

Ein av arkitektane til Kombibygget hadde skrive sang til åpningsfesten som skapte stor stemning.

"...GÅ IKKE DUKKEN PÅ BOKN"

MEL. SØNNAVINOVALSEN

TIL BOKN OG TIL DE ANDRE BUK-KOMMUNENE
I ANLEDNING ÅPNING AV BOKN KOMBISENTER 1.10.87

1) LARS VAAGE SA TIL FYLkesting
AT: "NÅ MÅ VI SE Å FÅ TING I SVING,
FOR NOEN HAR DET EKSTRA TØFT,
OG NÅ MÅ VI GJØRE ET SKIKKELIG LOFT."

REF.:

LANGT UTASKJÆRS PÅ UTSIRA
PÅ KVITSØY OG OGSÅ PÅ BOKN
LITT MER ENN HAVET MÅ DE HA
FOR SMÅSAMFUNN SKAL EI GÅ DUKKEN."

2)

ET BUK-UTVALG BLE GÅ NEVNT OPP.
ET UTVALG FOR TANKE, MEN OGSÅ FOR KROPP.
DER BLE MAN KVİTT SIN SULT OG TØRST,
SÅ DRØFTET MAN:
"HVEM SKAL FÅ SENTERET FØRST?"

REF.:

LANGT UTASKJÆRS PÅ UTSIRA,
PÅ KVITSØY'NA ELLER PÅ BOKN?
GOD MAT FRÅ HAVET FIKK MAN DA
OG UTVALGET GIKK IKKE DUKKEN.

3)

DET BLE EN STREV SOM JOBB FOR DEM
SOM PLANLA DE 3 NYE SYKEHJEM.
DEN VEGEN HAR VERT DRYG Å GÅ,
Å TEGNE OG BYGGE OG STYRE OG RÅD.

REF.:

I BYEN OG PÅ UTSIRA
PÅ KVITSØY OG OGSÅ PÅ BOKN.
MED SVEITTE, STRESS OG FLASS I HÅR
MEN BANK I BORD - INGEN GIKK DUKKEN!

4)

TIL FEST VI SAMLET ER I DAG
FOR BOKNATUN ER OGSÅ NÅ UNDER TAK
SYNG MED I SANGEN UNISON
SÅ ALLE KAN HØRE VÅR GRATULASJON.

REF.:

LANGT UTASKJÆRS TIL UTSIRA
TIL KVITSØY OG OGSÅ PÅ BOKN
ET LYKKE TIL FRA ALLE OSS.
LEV! - OG LEV GODT - GÅ EI DUKKEN.

ARKIPARTNER A.S.

BOKN FOLKEAKADEMI :

"Dounreay og kjernekraftens framtid".

Mandag den 2.oktober kl.19.00 inviterer Bokn Folkeakademi til folkeakademi-kveld kor professor Torbjørn Sikkeland skal ha foredrag om atomkraft. Han vil i foredraget forklara korleis eit atomkraftverk (Tsjernobyly) verkar og korleis ein hurtig formeringsreaktor (Dounreay) verkar.

Vidare vil han koma inn på både korleis atomkraft kan utnyttast, og kva farer som er knytta til dette

ved uheil,sabotasje o.l.

Han vil også koma inn på alternative energikilder.


Foredraget burde vera svært aktuelt. Stikkord kan vera det radioaktive nedfallet etter Tsjernobyl-ulukka og Dounreay.

Altså: Allrommet mandag den 2.okt.,
kl.19.00,

-KOM SÅ BYGGER VI-



Se vår huskatalog



70 SIDER MED HUS OG INFORMASJON !

Kontakt vårt kontor – kom gjerne innom – så får du se tegninger på det huset du vil ha.

HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER

VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKSLOKALER)

KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN

FAST KONTORTID: MANDAG OG TORSDAG

KL. 17-19

FOR AVTALER: TLF. 748501

AVALDSNES KIRKE



UTVIK



UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 VALDSNES - TLF 04-843111

AMNESTY-KONSERTEN, 11. oktober

Denne søndagen var hele 250 mennesker samlet i gymsalen på Bokn skule! Amnesty International sitt arbeid for menneskerettighetene stod i sentrum, og folk mottok relevante tekster i form av appell/orientering, dikt og sang.

Folk fra "Karmøy Amnesty" fortalte oss om organisasjonens arbeid, mens Venevil Birkelund og Målfrid Kro Trosnavåg tok seg av diktlesningen. Begge korene var i aksjon, og sang både norsk, svensk og afrikansk. Publikum hadde alle kortekstene på eget ark, og var sikkert glade over å ha den norske oversettelsen da blanda-koret satte i gang med merkelige, sør-afrikanske lyder. Oddrun Håland og Geir Christiansen hadde her populære solistinnslag.

Størst inntrykk gjorde nok Mikis Theodorakis' sang: "En sang om frihet" - der alle sangerne sang sammen med et 4-manns orkester: Margrethe Bokneberg, fløyte, Daniel Thuestad, trekkspill, Geir Christiansen, gitar og Venevil Birkelund på kontrabass - og solist Oddrun Håland.

Korene skal ha mye ros for det fantastiske arbeidet de gjorde foran denne konserten! En spesiell takk til undertegnede to dyktige med-

hjelpere, Venevil Birkelund og Oddrun Håland, som gjør korarbeidet lettere!

Bokn Sanitetsforening sørget for god mat og drikke, og Inge Alvestad bandt hele konserten dyktig sammen.

Vi som er medlemmer i AI er veldig glade og stolte over å kunne overrekke nettobeløpet fra konserten, kr. 3.000,- til AI sitt arbeid for menneskerettighetene. Og ikke minst har dette inspirert til videre arbeid i AI. Det er virkelig gøy å arrangere noe når responsen er så stor!

For "Bokn Amnesty"
Jardar Havikbotn

Syng med oss!

BOKN BLANDAKOR vil fortsatt ha med seg fleire folk, og kan tenkje seg å flytta øvinga frå mandagar kl. 20.00 til fredager kl. 19.00-20.45. No kan folk frå Austre Bokn og dei som kjem heim i helgene melde seg på!

Koret har medlemmar frå 7. klasse og oppover, og me set inga krav til verken sangstemme eller musikkunnskap.

Så du treng ikkje vera redd for å meldta deg på!

Kontakt Jardar tlf. 74 85 00 (a)
" 74 84 02 (p)

UTVIDING AV RENO-VASJONSORDNINGA.

Teknisk utval har tilrådd at 3 husstandar på Are og Hodl etter søknad blir tilknytta den kommunale renovasjonsordninga.

Renovasjonsordninga i Bokn er frivillig, og dei fleste som er tilknytta ordninga bur i Føresvik/Alvestad-området.

Reservekapasiteten er i dag ca. 10 abonnentar. Omkostningane ved ei utviding av renovasjonsområdet er små inntil renovatøren må kjøra 2 gonger pr. veke.

I kommuneingeniøren si saksframstilling seier han at spørsmålet om tvungen renovasjon bør vurderast når etterspørselet etter renovasjonstjenester ikkje lenger kan dekkast ved ein transport pr. veke.

Bokn formannskap har i møte 23. okt. gått inn for tilknyttinga og saka går vidare for handsaming i kommunestyret.

OVER KR.49,- PR. INNBYGGJAR I TV-AKSJONEN - 87

Boknarane ga over kr. 49,- pr. innbyggjar i TV-Aksjonen 1987. Då er medrekna kr. 4.000,- i kommunal løying.

Tilsaman er beløpet då kr. 36.600,-.

Bokn Hagelag

24. november, Hagelagsmøte.

Besøk av Bente Husebø. Ho skal lage advents- og juledekorasjonar.

Arr. Bokn Hagelag.

Influensavaksine

Legekontoret har eit lite parti influensavaksine.

Dette er spesielt berekna på eldre. Andre kan også få vaksine. Dei som er interessert, kan ta kontakt med legekontoret for nærmare avtale.

Til salgs

Komfyr og kjøleskap til salgs, passer til hybelleilighet. Mål på komfyr 49cm X 85cm. Begge deler 3 år gammalt. Telefon 74 84 56.



ARRANGEMENT I NOVEMBER

31. oktober: skulekorpset sin auksjon.
1. november: Vandreutstilling,
Kombibygget.
2. november: Bokn Folkeakademi,
Allrommet(kombibygg).
14., 28.nov.: Diskotek.
19.november: Barnebasar, Bokn skule,
Barneforeningen "Hav-
dur".
20.november: Bingo, bokn skule.
Arr:Bokn skulekorp.
24.november: Hagelagsmøte, Bokn skule.
29.november: Konsert, Bokn skule.
Arr: Bokn Brass.
4. des: Årsmøte i Bokn IL kl.19.30 på Bokn skule.

BARNEULYKKESFORSIKRING

Har du som foreldre tenkt på kor godt barna dine er dekka om
dei skulle bli ramma av eit uhell?

Har du barneulykkesforsikring er barna dekka heile døgnet, i
inn- og utland.

Forsikringa er svært rimeleg, for ca kr.13,- pr. mnd. er barna
dine forsikra for 500.000.

Ved å kombinere denne forsikringa med andre forsikringar, kan
denne forsikringa bli gratis for deg.

Kom innom SR-BANK Bokn til ein forsikringsprat.
Vi ordnar det meste innan forsikring for deg.

HELSING SR-BANK Bokn

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 9.nov-
ember. Merk dagen som er flytta fra
onsdag til mandag.
Påmelding til sosialkontoret, tlf.
74 85 00.

Kyrkjebrygd søndags- skule

Vi minner om at det er søndagsskule
desse datoane:

8. , 15. og 29. november.